



Lindås Rør og Sanitær AS
Burkhovdane 1
5914 ISDALSTØ

Referanser:
Dykkar:
Vår: 14/6444 - 14/23691

Saksbehandlar:
Anne Lise Molvik
anne.lise.molvik@lindas.kommune.no

Dato:
19.12.2014

Førebels svar på søknad om utsleppsløyve - felles avlaupsanlegg på gnr 148 - Litleskare.

Kommunen stadfestar å ha motteke dykkar søknad om felles avlaupsanlegg på gnr 148 Litleskare. Vi beklagar at det vert gitt sein tilbakemelding i saka. Dette har årsak i redusert kapasitet ved avdelinga.

Mottakskontroll

Kommunen har hatt ein førebels gjennomgang av søknaden og har trong for følgjande tilleggsopplysningar:

1. Utsleppet sin storleik er ikkje oppgitt, jf punkt 2 i søknaden. I tillegg til samla storleik må det gjevast opp kor mange pe kvar eigedom representerer og kva bygningar på eigedomen som skal knytast til anlegget. Dersom anlegget sin samla storleik er > 50 pe skal anlegget handsamast etter reglane i forureiningsforskrifta kap 13.
2. Tiltaket er ikkje i samsvar med gjeldande arealplan, jf punkt 3 i søknadsskjema. Tiltaket ligg i område som i kommuneplanen sin arealdel er avsett til LNF-føremål med særskild omsynssone landbruk. Delar av tiltaket ligg også innanfor 100-metersbeltet langs sjø og vert råka av byggjeforbodet i pbl. § 1-8. Tiltaket treng følgjeleg dispensasjon for å kunne godkjennast. Søknad om dispensasjon er ein skriftleg, grunngjeven søknad. Det skal gå fram av nabovarselet at tiltaket treng dispensasjon. Dispensasjonssøknaden vert å senda på høyring til regionale styresmakter. Høyringsfristen er 4 veker.
3. Tiltaket er ikkje nabovarsla.
4. Situasjonsplanen må visa utsleppsstad og kor langt leidningen går ut i sjø. Plasseringa av leidningen må vera slik at det vert sikra tilfredsstillande utskifting av vassmassane og at ein ikkje får oppsamling av kloakk i vågen.
5. Vi har forstått at det er planlagt fellesleidning der kvar enkelt eigedom har slamavskiljar på eigen grunn. Det må gjerast greie for kva anlegg den enkelte eigedom har i dag, om slamtømming er mogleg innanfor ordinære vilkår i den kommunale slamtømmeordninga, og om slamavskiljaren som eigedomen har, er i tilfredsstillande stand etter dagens krav. Dersom det samla utsleppet er > 50 pe vert det sett krav om felles slamavskiljar.



Vi gjer elles merksam på etablering at tiltaket også krev løyve etter plan- og bygningslova § 20-1. Det må sendast inn eigen søknad for etablering av fellesleidningen med naudsynt dokumentasjon som lengde- og tverrsnitt av leidningen, erklæring med løyve frå grunneigarane til å leggja fellesleidningen over privat eigedom og løyve til å kryssa fylkesveg 404 og den kommunale vegen.

Både utsleppet, søknaden om løyve til tiltak etter pbl § 20-1 og søknad om dispensasjon må nabovarslast. Dette kan gjerast felles. Vi gjer merksam på at fristen for merknader er 4 veker i forhold til forureiningsforskrifta.

Etablering av leidning ut i sjø krev løyve frå Bergen og Omland Havnevesen (BOH) etter hamnelova. Naudsynt løyve må liggja føre før anlegget kan etablerast.

Dersom utsleppsløyve er gitt og etablering av leidningen godkjend etter reglane i plan- og bygningslova, må kvar enkelt eigedom som skal på fellesanlegget søkja om etablering av eigen stikkleidning etter reglane i plan- og bygningslova. Det må leggjast ved søknadane ei erklæring med løyve til å leggja leidning over privat grunn der dette er aktuelt. Dersom privat stikkleidning kryssar offentleg veg må det også hentast inn løyve frå vegstyresmakta.

Meir informasjon om søknader om utsleppsløyve finn ein på www.miljokommune.no.

Ta gjerne kontakt dersom de har spørsmål eller ønskjer eit møte om saka.

Med helsing

Tor Hegle
einingsleiar

Anne Lise Molvik
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Lindås Rør og Sanitær AS
Litleskare Avløpsanlegg

Burkhovdane 1 5914
Interimstyret v/
Thor Litleskare

ISDALSTØ
ALVERSUND